

# Regionale miljøtilskot i jordbruket - nytt for søknadsomgangen 2020

Webinar 28.09.2020




Fylkesmannen i Vestland



# Temaside for RMP i Vestland

[www.fylkesmannen.no/vl/rmp](http://www.fylkesmannen.no/vl/rmp)



Fylkesmannen i Vestland



# SMS sendt til PT-søkarar 3.juni og 18.september

Søknadsomgangen for Regionale miljøtilskot er opna. Informasjon og lenke til elektronisk søknad ligg på [www.fylkesmannen.no/vl/rmp](http://www.fylkesmannen.no/vl/rmp)

Søknadsfrist 15.oktober. Data frå 2019 kan importerast.

NB! Tilskot til hausting av bratt areal gjeld frå første dekar.

Kontakt kommunen for hjelp og rettleiing.



# Sentrale dokument for sakshandsaming, RMP

- **Rundskriv 2020 – 19** (spes. kap. 2, 4 og 7)
- **Brukarretteiing for sakshandsaming i eStil;**  
<http://guidecloud.se/landbruksdirektoratet/40.guide>
- **Praktiseringsrundskriv** for forvaltning av Regionale miljøtilskot i jordbruket for Vestland 2020



# Oppdateringar i praktiseringsrundskrivet

- Oppdatert tabell over **prioriterte vassførekomstar** (s.49)
- Lokalitetar må vera registrerte i **Naturbase ved teljedato 1.oktober** for å kunna godkjennast
- **Tilskot til støl er fordelt på 3 ulike tiltak** med tilhøyrande tiltaksklassar
  - Tiltak: Tilskot til seter, Tilskot til seter 2, Tilskot til seter 3,
  - Tiltaksklassar: Levering til meieri, Eigen foredling



# Nytt i RMP for 2020

- Søknadsomgang 15.sept til 15.okt (15.nov beitelaga)
- Ikkje rettleiingshefte for bøndene, men meny-punkt på RMP-sida
- Tidlegare søknadsdata kan igjen importerast til søknad 😊



## Nytt i RMP, forts.

- Kr 1000 i trekk per dag etter søknadsfristen. Søknader skal avvisast ved innsending seinare enn 14 dagar etter fristen
- Dispensasjon for søknadsfrist må innvilgast av FM før ein kan søka, dersom ein vil søka seinare enn 14 dagar etter søknadsfristen



## Nytt i RMP, forts.

- Tiltak i felles utmark (umatrikulert grunn) kan ikkje teiknast på kart i elektronisk søknad. Søkar må her levera papirkart til kommunen som legg det inn i søknad (heile kommunen som godkjent område). Tiltaket kan då importerast ved seinare søknadsomgangar.
- Utfordringane med elektronisk søknad frå 2019 skal vera retta opp i 😊



# RMP og Naturbase

- Arbeidet med oppdatering av Naturbase held fram...
- Innmelding av potensielle lokalitetar til [fmvlnaturbase@fylkesmannen.no](mailto:fmvlnaturbase@fylkesmannen.no)  
(sjå s. 7 i praktiseringsrundskrivet)
- Lokalitetar må vera registrerte i Naturbase ved **teljedato 1.oktober** for å kunna godkjennast



## RMP og Naturbase, forts.

- Der det både er DN-håndbok 13 kartlegging og NIN-kartlegging, vil berre NIN-kartlegginga visa i elektronisk søknad, og det er då NIN-kartlegginga som skal leggjast til grunn for tilskotsutmålinga
- Tiltaksklassane i søknaden samsvarar med DN-håndbok 13 – klassifisering (svært viktig, viktig og lokalt viktig). Alle NIN-figurarar skal søkast på under tiltaksklasse «viktig».



# Tilskot til drift av bratt areal





# Tilskot til drift av beitelag

Dersom rapporteringskrava ikkje er oppfylte (dato for årsmøte, sum midlar per konto per 01.11, kort årsrapport) skal ikkje søknaden godkjennast, men **kommunen kan gje beitelaga mogelegheit til å ettersenda dokumentasjon**. Søknader kan godkjennast dersom manglande dokumentasjon vert ettersendt.





# Tilskot til slått av verdifulle jordbrukslandskap (slått av dyrka mark utan vegforbinding)





# Tilskot til slått av slåttemark

(slått av slåttemark og lauveng registrert i Naturbase)





# Tilskot til beiting av kystlynghei

(beiting av kystlynghei som vert vinterbeita og som er registrert i Naturbase)





# Tilskot til brenning av kystlynghei

(brenning av kystlynghei som vert vinterbeita, som er registrert i Naturbase og som er godkjent for Tilskot til beiting av kystlynghei)



**NB!**  
Det kan ikkje gjevast tilskot for eitt og same areal oftare enn kvart 10.år



# Tilskot til skjøtsel av truga naturtypar

(beiting av naturbeitemark og hagemark registrert i Naturbase)





# Tilskot til skjøtsel av styvingstre

(styving utført i søknadsåret)

- NB! Det kan ikkje gjevast tilskot for eitt og same styvingstre oftare enn kvart femte år
- FM fårår avkorting ved feilsøking i 2020 grunna endring i regelverk frå tidlegare



# Tilskot til soner for pollinerande insekt

(nytt tiltak i 2020, kun i Lærdal kommune)

Tilskot for å så og skjøtta pollinatorvenlege frøblandingar på jordbruksareal. Sonene skal ha pollinatorvenlege blomster gjennom vekstsesongen. Sonene skal ikkje vera gjødsla eller sprøyta, og ei sone skal vera minst 2 meter brei. Maks 160 meter sone per føretak.



# Tilskot til tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl

(vipe, åkerrikse og storspove)

- NB! Lokaliteten skal vera innmeldt og godkjent av FM i førekant av hekkinga

Nytt frå 2020:

- FM sender oversikt over føretak med godkjende lokalitetar til kommunane innan 15.oktober
- Maks kr 10 000 per føretak
- Søkar må kunna dokumentera utført tilretteleggingstiltak med framvising av foto ved event kontroll



Vipa er komen. Foto:Sveinung Klyve



## Tilskot til drift av seter (støl med mjølkeproduksjon)

- Tilskot for inntil 3 stølar per føretak. Stølane må ha kvart sitt produksjonsanlegg og ikkje ha overlapping i beite for å bli godkjende som separate stølar
- Søkar søker eitt tilskot per støl og vel levering til meieri eller eigen foredling som tiltaksklasse per støl



# Tilskot til automatisk freda kulturminne





# Tilskot til kantsone i eng


(kantsoner utan gjødsling og sprøytemiddel langs prioriterte vassdrag)

Nytt frå 2020:

- Nytt vassdrag: Kvernaviksbekken, Tysnes. (samla 23 prioriterte område)

Presiseringar i rundskriv:

- Skjelåna I Samnanger inkluderer Nordbøvassdraget
- Endringar i vassførekomstar
- Gjeld fulldyrka og overflatedyrka areal
- Info om krav til naturleg vegetasjon
- Forklaring av breidde på sona



Figur 1: Døme. For å kunne mota tilskot, må kantsona i enga vere brei nok. Vidare må det ikkje vere for stor avstand frå enga til vassdraget.



## Tilskot til kantsone i eng (2)

(kantsoner utan gjødsling og sprøyte-middel langs prioriterte vassdrag)

### Tips kontroll:

1. Avstand: Kart eller i felt
2. Sone utan gjødsling:  
Dialog og eventuell fotodokumentasjon.  
Bør vurdere å avtale kontroll tidlegare i vekstsesongen.

Fylkesmannen vil gjerne høyre erfaringar!



# Tilskot til spreining av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen

*(område nær prioriterte vassdrag med elvemusling)*

## Nytt frå 2020:

- Nytt vassdrag: Kvernaviksbekken, Tysnes.
- Gjeld òg innmarksbeite som er godkjent som spreieareal, med vedtak

## Presiseringar:

- Gjødsellageret bør vere tømt 10. aug
- Kart over område ligg ikkje i e-Stil



# Tilskot til spreiring av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen (2)

*(område nær prioriterte vassdrag med elvemusling)*

## Tips kontroll:

1. Minimumskrav PT: Disponerer nok areal
2. Kart: fylkesatlas
3. Skiftenotering: Tidspunkt gjødsling, både innanfor og utanfor prioritert område
4. Godkjenningsvedtak som spreieareal, dersom tilskot til innmarksbeite
5. Felt: gjødsellager bør vere tømt
6. Felt: hausting etter gjødsling
7. Ikkje både dette og tilskot nedfelling/nedlegging



# Tilskot til spreining av husdyrgjødsel ved nedfelling eller nedlegging

## Presiseringar i tekst

- Definisjon bioest, nedlegging, nedfelling
- Den som disponerer arealet kan søkje, uavhengig av kven som utfører.
- Tilskotet blir gitt éin gong per areal per år. Krav gjeld all gjødsling på arealet heile sesongen.
- Areal er uavhengig av skifte/teig



# Tilskot til spreiring av husdyrgjødsel ved nedfelling eller nedlegging (2)

## Tips kontroll

1. Kart: Ikkje tilskot innmarksbeite
2. Skiftenoteringar: tidsfrist og mengd for alle gjødslingar på omsøkt areal.
3. Dokumentasjon på bruk av utstyr: faktura leigekøring eller eige utstyr
4. Tilskotet kan ikkje kombinerast med RMP-tilskot vår/ vekstsesong



# Tilskot til spreining av husdyrgjødsel med tilførselsslange

## Presiseringar i tekst:

- *Ikkje* tilskot når det ikkje er i kombinasjon med nedfelling eller nedlegging.
- Andre presiseringar tilsvarande *tilskot til nedfelling eller nedlegging*

## Tips kontroll

1. Tilskot til nedfelling eller nedlegging på same areal (sjå egne tips kontroll)
2. Dokumentasjon på bruk av utstyr: faktura leigekøyring eller eige utstyr





# Godkjenning av søknader

- **Forskriftsteksten** inneheld alle krav som kan stillast for om ein søknad skal kunna godkjennast eller ikkje
- Andre utfyllande «krav» i rettleiingsmaterialet som ikkje står i forskriftsteksten må lesast som «bør». Det er **forskrifta** som er juridisk bindande og som definerer godkjenning eller avslag
- Dersom føretaket driv si verksemd i strid med **anna regelverk for jordbruksverksemd**, kan heile eller deler av tilskotet avkortast, jf forskrifta. Dersom det er tilhøve ved tiltaket som ikkje tilfredsstillar anna regelverk enn regelverk for jordbruksverksemd, kan tiltaket godkjennast fullt ut, medan avvika derimot må takast via dei relevante kanalane



# Avslag og avvising

- **Delvis avslag:** søknaden inneheld godkjende tiltak, men minst eitt tiltak er ikkje godkjent. eStil generer tilskotsbrev, og kommunen treng ikkje sende eige avslagsbrev til søker om det/dei tiltaka som fekk avslag
- **Avslag:** søker oppfyller vilkåra for å kunne søke, men ingen av tiltaka vert godkjent
- **Avvising:** vilkåra for å at søknaden skal handsamast er ikkje tilstades (td. brot på grunnvilkåra)
- **Avslag og avvising:** eStil genererer ikkje tilskotsbrev, og kommunen skal sende eige vedtaksbrev til søker (NB! Kommunen fråtek elles søker retten til å klage)



# Retting av søknad

- Dersom kommunen gjer endringar i søknaden eller ikkje godkjenner søknaden fullt ut, skal dette dokumenterast og forklarast i eStil
- Dersom det **etter søknadsfristen** er feil i søknaden som ville ha medført for høg utbetaling, skal kommunen rette godkjentverdiane og teikningane i kartet i samsvar med dei faktiske tilhøva (med merknad/forklaring i eStil), og avkorting skal vurderast



# Avkorting

- *Tilskotet kan avkortast dersom føretaket **aktlaust** eller **med forsett** driv i strid med anna regelverk for jordbruksverksemd, ved manglande/mangelfull gjødslingsplan og plantevernjournal, eller viss føretaket har gitt feil opplysningar i søknaden som ville ha danna grunnlag for urettmessig utbetaling av tilskot*
- Dersom gjødslingsplan eller journal over plantevernmidler manglar: (Rundskriv 2020-19, 4.6.2.)
  - Ein/begge manglar fullstendig: avkort tilskotet inntil 100 %
  - Ein/begge er mangelfulle: avkort inntil 50 %
- Ved brot på anna regelverk for jordbruksverksemd, same praksis som for PT



# Avkorting og aktsemd

- **Simpelt aktlaust:** søker burde ha forstått at opplysningane var urette  
→ Hovudregel: Frå det faktisk berettiga tilskotet skal det trekkast frå (avkortast) eit beløp tilsvarande den meirutbetalinga feilopplysningen ville ha medført
- **Grovt aktlaust :** søker har opptredd særleg klandreverdig og måtte vita at opplysningane var urette
- **Med forsett:** søker har med viten og vilje gjeve feile opplysningar for å oppnå ei større tilskotsutbetaling
- **Grovt aktlaust og Med forsett** → Utgangspunkt: Som over, men vurder større avkorting, særskilt relevant + dersom føretaket har gitt feilopplysningar ved fleire søknadsomgangar. (Større avkorting; 60-100% av samla RMP-tilskot jf rundskriv 2017-25)



# Bruk av kommentar- og meldingsfelt i eStil

Hugs at det er søkjarane du skriv til og skriv slik at dei kan forstå forklaringa/vedtaka

- Kommentar – snakkeboble, ikkje synleg i vedtaksbrevet
- Merknadsfelt – synleg forklaring for søkjar
- Notater – ikkje synleg for søkjar, interne notatar

Avkorting ved feilopplysningar

- Sjekk at vilkåra er oppfylte (meirutbetaling, uaktsomt eller forsettleg) – grunngi!
- Sjekk eventuelle kommentarar frå søkjar



# Kontaktpersonar innan RMP hjå Fylkesmannen

- **Liv Astrid Nordheim Kusslid** (måndag, tysdag, onsdag) – fag, forvaltning og eStil
- **Øyvind Vatshelle** - fag

Send gjerne e-post 😊

- Odd Ivar Kalland (gjødseltiltaka)
- Kari Elsa A. Bouvrie (tilskot til drift av beitelag)

Ekstra svarteneste i samband med søknadsomgangen:

- Helen Haaland – eStil og forvaltning
- Silje Anette Lyhammer – eStil og forvaltning

# Regionale miljøtilskot: ta vare på og utvikla eit unikt Vestland!

